



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2016.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Årgang
52



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Eileen Brandad Hareide
Visepres:	Sverre Jarl Ulstein
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Bernhard Harkjerr
Styremedlem:	Vegard Gjerde
Styremedlem:	Bjørn Teigene
Ansv.red.:	Vigdis Riise
Referent:	Øystein Alme

Når det er stille sent på høstnatten

Så jeg hende komme, --
hele verden stansed og så sig stille om,
og det skinned i luften, hvorhen hun kom --
å, ungdom, hvor det bruste da herinde!

Så jeg hende svinde, --
hende fulgte solen og sommerhimlen blå,
og en grånende høstenkvæld omkring mig lå --
å -- ungdom, hvor du bruste i mit minde!

-- -- Snart er natten inde,
livsensgløden slukner i hjertets askekumpe,
og evighedens stilhed synker dyb og dump,
men -- å ungdom, hvor du bruser i mit minde!

Åse-Marie Nesse.

Møte 07.11.16.

Oppmøtestad: Bilhallen Ulsteinvik

Frank Hofset og Jan Arild Bjåstad tok imot oss.

Bilhallen Ulsteinvik starta opp i januar 2016, i dei tidlegare lokala til Toyota i Ulsteinvik.

Verksemda har 4 tilsette. Frank, Jan Arild og to medhjelpera.

Frank kunne fortelje at januar, februar og halve mars vart nytta til fornying av lokala.

Verksemda har til no i år selt over 100 bilar, komande år er det planlagt selt 200 bilar.

Målsetjinga er både å ta vare på tidlegare Toyota-kundar/ skaffe seg nye kundar.

Frank framstilte ei bilbransje i endring, med:

Stor etterspørsel etter miljøbilar, Hybrid-/ El-bilar.

Bilar som er tilpassa ulike marked, til dømes «bybilar».

Utvikling av «sjølvkøyrande» bilar.

Utvikling av ny batteriteknologi, karbonbatteri produsert av planter. Desse er miljøvennlege, resirkulerbare og svært raske å ladde.

Kundegruppa som vil lease bilar er aukande, ein kan med ei slik løysing ha bedre kontroll med kostnadane på bilhaldet sitt.

Bilhallen Ulsteinvik prøvar til ei kvar tid å tilpasse seg kva markedet spør etter.

Innkjøpte bilar kjem i hovudsak frå Norge, innkjøpte utanlandske bilar har norske spesifikasjoner.

Frank synest det er krevjande å fylge med i endringane i bilmarkedet.

Bilverkstadane verksemda nyttar er plasserte i Hareid og Ulsteinvik (G.Eilertsen AS), med ei framtidig utviding i Dragsund, Herøy.

Garantiarbeid på bilane vert generelt utført på desse stadane, men ved «spesielle» feil må ein til merkeverkstad.

Ved innbytte vegrar Bilhallen Ulsteinvik seg mot å ta inn bruktbilar eldre enn 10 år, desse går eventuelt direkte til oppkjøpar.

Lave eingangsavgifter (særtilfelle for Norge) gjer det gunstig å kjøpe hybridbil i dag.

Ein ny trend i dag er kjøp av bil på internett, eit eksempel er ei ny utgåve av Volvo som kun kan kjøpast på internett.

Kvelden vart avslutta med kaker og kaffi (og mykje latter) til oss frå Bilhallen Ulsteinvik og blomster til dei ifrå oss.

Møte 14.11.16.

Presidenten ynskte vel møtt til Intercitymøte med tema «Frå fiskarson til Fylkesmann» ved Lodve Solholm.

Dei to naboklubbane frå Herøy og Ulsteinvik var inviterte.

Frammøte var godt både frå besøkjande og eigen klubb.

Møtet vart, slik som tradisjonen har vore, starta med ein song, «Mellom bakkar og berg».

Fylkesmann Lodve Solholm fekk så ordet.

Lodve kunne fortelje at han denne gongen ikkje skulle prate om kommunesamanslåing (noko han meinte kunne passe godt i forsamlinga, då vi såleis kunne slå saman klubbanne til ein), men hadde denne gongen lova å halde foredrag med tema «Frå fiskarson til fylkesmann».

Lodve vokste opp på Vestnes saman med mor som var kokke/husmor, far som var fiskeskipper og fleire sysken. Barndomen var ei trygg tid, noko som gav han ein god ballast og har prega tida fram til i dag. Han var tidleg samfunnsinteressert og likte å høre på politiske debattar. Fram til han tok til på lærarskulen var han med på fiskeri og aktiv som keeper på fotballbana. Lodve tok lærarutdanning og gjekk ut av lærarskulen i -72. Som politikar i Ørskog kommune vart han valt inn på Fylkestinget i -79, der han sat i 3 periodar. Lodve vart valt inn i si første periode på Stortinget i -89, der han vart verande til -93.

Studerte så statsvitenskap grunnfag, over ei periode på 4 år der han var ute av Stortinget. Hadde siste periode på Stortinget i 2005-09. Han vart utnemnd til Fylkesmann i Møre og Romsdal av kongen i statsråd 18 desember 2008. Fylkesmannen er politisk uavhengig noko som gjev han stor handlefridom. Som Fylkesmann har han 145 tilsette under seg med stor kompetanse. Fylkesmannen er Regjeringa si forlenga arm i fylket. Han skal vere synleg og arbeide for det beste for oss alle i fylket. Møtet vart avslutta med «ordet fritt» der ein fekk stille spørsmål.

Presidenten i Hareid R., Eileen, overrekte blomster til Lodve som takk for foredraget og ynskte alle vel heim.



Møte 21.11.16.

Oppmøtestad: Klubbhuset HIL

Presidenten ynskte vel møtt og fortalte om gode tilbakemeldingar frå Herøy Rotaryklubb på Intercitymøte oss arrangerte sist måndag. Møtet vart slik som tradisjonen har vore, også dette møtet starta med ein song, «Vi vandrar med freidig mot».

Eileen gav ordet til Otto Hovlid som skulle halde Ego-/ Medlemsforedrag.

Otto Egil Hovlid er fødd og oppvachsen i Hovlida der han og er busett. Han vokste opp med ei mor som var husmor, far som var sjømann og sysken. Otto reiste på sjøen i ung alder og vart der fram til 1970 då han gjekk toårig Realskule. Otto er gift og har 3 born. Frå 1975-77 gjekk han ved Ålesund Maritime Skule, der han utdanna seg til Styrmann. Otto kunne fortelje at ei god heimeverande kone har gjort at han heile si yrkesaktive periode har kunne vore sjømann. I 2006 hadde han opparbeidd full sjømanns-pensjon, gjorde eit val om å vere meir heime og søkte seg arbeid i Norled, Hareid-Sulesund. Ved oppnådde 61 år fekk han oppseiling hjå Norled og avslutta yrkeslivet. No som pensjonist nyttar han tida på familie, båt, trening og Rotary.

Møte 28.11.16.

Oppmøtestad: Holesandhytta, Snipsøyrdalen.

Presidenten ynskte vel møtt til Guvernørbesøk/ Røyrafest. Møtet vart slik som tradisjonen har vore, også dette møtet starta med ein song, «Mellom bakkar og berg».

Eileen gav så ordet til Distriktsguvernør Gunnar Kvalsund, som heldt foredrag om Rotary både nasjonalt og internasjonalt. Han snakka mellom anna om medlemsutviklinga i distriktet vårt D2305 som framleis viser medlemsreduksjon og viktigeita av å prøve å snu denne trenden. Han sa (som sant er) at der er absolutt plass til fleire kvinner i Hareid R. og dessutan er det viktig å prøve å verve våre «nye landsmenn» til klubben. Gunnar snakka og varmt om nytt av å gi pengar til TRF-arbeidet som verkeleg kan brukast til å hjelpe internasjonalt.

Eileen takka Gunnar for foredraget med blomster.



Etter at vi hadde sunge for maten vart måltidet bestående av røyr, laks, poteter og salat sett fram.

Etter eit godt måltid fekk vi servert skuffekake og kaffi. Eileen kalla fram dei ansvarlege for Røyrafesten og takka dei for det gode arbeidet dei hadde gjort. Vi hadde så to gode programinnslag, det første eit humoristisk kåseri ved Knut Arne Høyvik og deretter eit flott songinnslag ved Sofie og Simon Gjerde Tonev. Eileen takka både Knut Arne Høyvik, Sofie og Simon Gjerde Tonev med blomster.

Guvernørbesøket/Røyrafesten vart så avslutta og Eileen ynskte alle vel heim.

